



## Opplæringslovutvalget

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Om ansvaret for opplæring - barn i institusjonar etter barnevernlova

I dag er ansvaret for denne opplæringa lagt til fylkeskommunen, jf. opplæringslova § 13-2. **Etter mitt syn bør dette ansvaret delast mellom kommune og fylkeskommune, gjerne slik det er regulert for barn i fosterheim, jf. forskrift til opplæringslova kap 18.**

### Bakgrunn

Utdanning er den enkeltfaktoren som har størst betydning for levekår og helse seinare i livet og som gir best beskyttelse for utviklinga til barn som er særleg utsette. Barn i barnevernet er ulike – nokre får godt skoletilbod og greier elevrolla godt med gode læringsresultat. Men ulike rapportar på oppdrag frå Bufdir dei siste åra viser at barn i barnevernet som gruppe har dårlegare resultat i grunnskolen og fullfører vidaregåande opplæring i langt mindre grad enn barn og unge elles (ca 38 % fullfører på normert tid mot om lag 78% i gruppa utan tiltak frå barnevernet). Dei blir møtte med lågare forventningar enn andre barn, og dei får mindre støtte og oppmuntring til å gjere ein god innsats på skolen. I tillegg har svært mange psykiske vanskar.

På oppdrag frå Bufdir har SSB funne systematiske forskjellar: Barn som får hjelp frå barnevernet, har dårlegare grunnskolekarakter i norsk og engelsk. I matematikk ligg dei i snitt ein heil karakter under andre unge. Tal frå SSB viser også at over ti prosent av barna som gjekk ut av grunnskolen i 2015 ikkje fekk grunnskolepoeng i det heile i 16 av 19 fylke, altså ikkje karakter i eit einaste fag. For 2016 er landssnittet over 13%. Det er neppe berre spesialundervisning i alle fag som er årsaka til dette, det er også grunn til å tru at høgt fråvær og dermed manglande grunnlag for å setje karakter kan vere årsak. Sidan ungdom med hjelp frå barnevernet oppnår langt færre grunnskolepoeng, får dei også avgrensa val når dei skal søkje seg vidare.

Ei medverkande årsak kan vere mangelfull kunnskap om skoleplikt og skolerett saman med svak bevisstheit om kor viktig opplæring er for desse barna hos tilsette i barnevernet, altså dei som skal vere i foreldra sin stad. Men også ansvarsfordelinga er ein viktig grunn - det er erfaringa vår både gjennom tilsyn og i kontakt med sektor i enkeltsaker at fylkeskommunen er «langt borte». Det tar for lang tid frå eit barn er plassert i institusjonen til opplæringa kjem i gang. Det tar tid å få avklart om eleven skal gå på nærskolen eller få opplæringa si i det skoletilbodet fylkeskommunen gir, gjerne i eigne skolar. Det tar tid å få utarbeidd sakkunnig vurdering og fatta vedtak om spesialundervisning for dei elevane som treng det.

Det er etter det eg kjenner til, ikkje gjennomført mange tilsyn med opplæring etter § 13-2 i opplæringslova. Fylkesmannen i Rogaland gjennomførte slikt tilsyn med fylkeskommunen i 2008

og hadde oppfølgingstilsyn i 2013. I etterkant av desse tilsyna har Fylkesmannen v/ utdanningsavdelinga og helse- sosial- og barnevernavdelinga deltatt i ei arbeidsgruppe saman med fylkeskommunen, representantar for Bufetat region vest for å medverke til utvikling av betre rutinar og betre kvalitet i arbeidet. Vi meiner situasjonen er noko betre, men det er likevel ikkje råd å sjå noko vesentleg endring i t.d. kor mange som avsluttar grunnskolen utan grunnskolepoeng.

Det er framleis ei stor utfordring å sikre rask informasjon til fylkeskommunen som ansvarleg for opplæringa om at eit barn er plassert i institusjon i fylket. Vi kjenner til døme på at elevar har vore i institusjon i fleire månader utan at nokon tok initiativ til å få dei på skolen.

Etter dette er det mitt syn at det må vurderast å overføre ansvaret for grunnskoleopplæringa til kommunane. Ein kommune vil kunne ha betre oversyn over institusjonar i kommunen og kunne følge med på kven som er der. Slik kunne opplæringa kome raskare i gang.

Eg oppmodar med dette lovutvalet til å vurdere dette.

Med helsing

Sølvi Ona Gjul  
utdanningsdirektør  
Fylkesmannen i Rogaland

Saksbehandlar: Sølvi Ona Gjul  
Saksbehandlar telefon: 51568726  
E-post: fmrosog@fylkesmannen.no